

Norway's™ best group-

Norway's Best Group AS Redegjering etter åpenhetsloven

1. Åpenhetsloven

Åpenhetsloven trådde i kraft 1. juli 2022 og har til hensikt å redusere risiko for brot på menneskerettar og sikre anstendige arbeidsforhold i eiga verksemد, i verdikjeda og hjå samarbeidspartnarar. Vidare skal lova sikre tilgang på informasjon. Alle verksemder som er omfatta av lova er pålagt å utføre aktsemdsvurderingar, og å gjere greie for desse årleg.

Lova har til hensikt å:

- Auke bedriftene sitt ansvar og forståing for risiko
- Sikre menneskerettane og anstendige arbeidsforhold i heile verdikjeda
- Integrere sosiale aspekt i strategien
- Dei grunnleggande menneskerettane og anstendige arbeidsforhold omfattar mellom anna;
 - Slavearbeit / tvangsarbeid
 - Fagorganisering og kollektive forhandlingar
 - Barnearbeid
 - Diskriminering
 - Brutal behandling
 - HMS
 - Lønn
 - Arbeidstid
 - Regulære tilsetjingar
 - Bu- og sanitærforhold
 - Urfolk sine rettar
 - Involvering av lokalsamfunn

Åpenhetsloven er eit viktig verktøy for å sikre sosial berekraft og femner om FN sine berekraftsmål nr. 8 og 12.



FN sitt berekraftsmål nr. 8 omhandlar "anstendig arbeid og økonomisk vekst". Omrent halvparten av verdas befolkning tener så dårlig at dei ikkje kan leve av lønna si. Å skape økonomisk vekst og nye arbeidsplassar gjennom anstendig arbeid er ein føresetnad for berekraftig utvikling. FN sitt berekraftsmål nr. 12 handlar om å "sikre forbruk og produksjon". Berekraftig forbruk og produksjon handlar om å gjere meir med mindre ressursar.


Denne redegjeringa dekker perioden 1.1.2023 – 31.12.2023.

2. Om Norway's Best Group AS

Norway's Best Group AS og det heileigde datterselskapet Norway's best AS har, saman med alliansepartnarar i deleidte selskap, bidrige til å utvikle reisemål i verdsklasse. Verksemda

vart etablert i 1997 og gjennom kundeorientering, eit blikk for regionen sitt potensiale og betydelege investeringar er mellom anna Flåmsbana og Nærøyfjorden posisjonert som fyrtårnprodukt og Flåm og Myrdalen som reisemål i den nasjonale og internasjonale marknaden. Selskapa i konsernet driv aktivitetar innanfor reiseliv, herunder overnatting, servering, opplevelingar og aktivitetar.

I Norway's Best Group AS inngår følgjande selskap (pr. 31.12.23):



I det følgjande vil vi gjere nærmare greie for forretningsområda våre, korleis konsernet arbeider med Åpenhetsloven, herunder rutinar og retningslinjer, gjennomføring av aktsemdsvurderingar, vurdering av eiga verksemd og informasjon.

3. Våre selskap og forretningsområde

Norway's Best Group AS driv verksemd gjennom fleire heil- og deleige selskap:

Norway's best AS (100 %)

- Driftselskap som driftar hotell, serveringsstader, opplevelingar, aktivitetar, butikkar, skianlegg og støttefunksjonar, og driv internasjonal marknadsføring og sal for heile konsernet.

Myrdalen Fjellandsby AS (100 %)

- Driv utvikling og sal av tomter og fritidsbustader (leilegheiter og hytter) i tilknyting til skianlegget i Myrdalen.

Følgjande 100 % eigde eigedomsselskap: Flåm Hotell AS, Orøyane AS, Aurland Hotell AS, Myrdalen Eigedom AS, Myrdalen Renseanlegg AS og Myrdalen Hotell Eigedom AS.

- Eig og leiger ut hotell, personalbustader og anna næringseigedom, i all hovudsak til selskap i konsernet.

Dei 100 % eigde selskapa Sognefjorden AS, Fretheim Hotell AS, Flåmsbana AS, Flåm AS og Norway's best Holding AS er tomme selskap der det ikkje er drift.

I tillegg er vi deleigar i følgjande selskap:

Undredal Bygdeutvikling AS (66,67 %) – ingen aktivitet

Haugen Gardsmat Drift AS (45 %) – foredling og sal av lokalmat

Flåm Eigedom AS (50,1 %) og Flåm Eigedom 2 (50,1 %) - driv utleige av næringseigedom til Norway's best og andre aktørar i Flåm

Felleskontrollerte verksemder, som leverer si eiga redegjering etter Åpenhetsloven:

Flåm Utvikling AS

- 50/50 eigarskap med Vy
- Selskapet driftar reiselivsproduktet Flåmsbana

The Fjords DA

- 50/50 eigarskap med Fjord1
 - (*) Frå 01.05.2024 er Norway's Best Group AS eineigar i selskapet
- Selskapet driv reiseopplevelingar på fjordane, m.a. Nærøyfjorden, Geirangerfjorden, Hardangerfjorden og Oslofjorden

4. Konsernet sitt arbeid med Åpenhetsloven

Det konkrete arbeidet med Åpenhetsloven skal skje ute i våre verksemder, då det er den enkelte verksemd som kjenner si eiga leverandørkjede og sine forretningspartnerar, og som også vil ha størst moglegheit til å påverke til endring.

For å sikre eit heilskapleg arbeid har Norway's Best Group AS utarbeida og implementert eiga retningslinje med krav og forventningar knytt til arbeidet som skal gjennomførast med Åpenhetsloven i våre heil- og deleigde selskap. Av denne retningslinja går det fram at kvart underkonsern-/selskap skal utnemne ein ansvarleg ressurs som skal ha det overordna ansvaret for at denne retningslinja vert etterlevd i sitt respektive konsern/selskap. Den ansvarlege skal sørge for tilstrekkelege prosedyrar, prosesser og rutinar som sikrar at denne retningslinja blir etterlevd.

Gjennom retningslinja er aktsemndsvurderingar innført som ein løpende prosess i heile verksemda vår, der vi skal forsøke å identifisere, unngå/forebygge, redusere og gjere greie for negative effektar på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold som skjer i vår leverandørkjede eller hjå våre samarbeidspartnerar.

Norway's Best Group AS skal alltid gjere sitt beste for å identifisere og forstå risiko relatert til sine leverandørar og forretningspartnerar. Konsernet har utarbeida dokumentasjon for det samla arbeidet med Åpenhetsloven. Vi har forankra ansvarleghet i konsernet sine retningslinjer gjennom «Retningslinje for Åpenhetsloven i Norway's Best Group AS», som er eit styrande dokument for etterleving av Åpenhetsloven i konsernet. Det siste året har vi jobba breitt og målretta i heile konsernet med å forankre og implementere rutinar og retningslinjer knytt til oppfølging av Åpenhetsloven. Dette inkluderer:

- Retningslinje for Åpenhetsloven i Norway's Best Group AS
- Rollar og ansvar i arbeidet md Åpenhetsloven
- Rutine for onboarding av nye leverandørar
- Code of Conduct
- Aksjonsplan for aktsemndsvurderingar
- Eigenrapporteringsskjema for leverandørar

Norway's Best Group AS har nulltoleranse til bevisst brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Dette omfattar alle tilsette i Norway's Best Group, underkonsern/-selskap, styremedlemmar, konsulentar, leverandørar, forretningspartnerar og tilsvarande.

Arbeidet med kartlegging og risikovurdering av våre leverandørar vil vere eit kontinuerleg arbeid i våre verksemder. Det gjeld både oppfølging av eksisterande leverandørar og kartlegging og risikovurdering av alle nye leverandørar. Vi har utarbeida eit årshjul for arbeidet med Åpenhetsloven for å sikre at dette blir eit kontinuerleg arbeid i konsernet.

Januar og februar	Kartlegging av leverandørar
Mars og April	Aktsemdsvurderingar og tiltak
Mai og Juni	Ferdigstilling og godkjenning av redegjering, samt publisering

Det er utarbeida aksjonsplan for oppfølging og tiltak ved risiko som vert avdekkja gjennom aktsemdsvurderingane. Aksjonsplanen skal tilpassast den enkelte verksemd og vil mellom anna innehalde element som:

- Oppfølging gjennom signering av Code of Conduct og eigenrapporteringar for leverandørar
- Grundig risikobasert bakgrunnsundersøking, ved behov skal desse gjennomførast av tredjepartar
- Besøk hjå leverandørar
- Tett oppfølging av kvar enkelt leverandør
- Eventuell avvikling av avtale-/samarbeidsforhold

Tiltak som skal setjast i verk blir sett i samanheng med i kor stor grad vi har bidrige til negativ påverknad på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

Det blir fortløpande vurdert behov for å innføre andre tiltak overfor våre leverandørar.

Vårt heileigde selskap Norway's best AS har eit stort tal samarbeidspartar i andre enden av verdikjeda, konkret turoperatørar/agentar som kjøper produkt og opplevingar frå oss og distribuerer vidare til sine kundar. Vi vil sikre gode rutinar for denne delen av verdikjeda også, og vil derfor ha tettare og grundigare oppfølging av desse framover. Det vil mellom anna bli utarbeida eiga retningslinje, Code of Conduct, tilpassa denne type samarbeidspartar hjå Norway's best AS.

5. Aktsemdsvurdering i våre underselskap

For nærmare skildring av det konkrete arbeidet med aktsemdsvurderingar vert vist til redegjeringar publisert for:

- Norway's best AS
- Myrdalen Fjellandsby AS

Vi vil elles løpande vurdere vårt konkrete arbeid med Åpenhetsloven i alle deler av verksemda vår.

6. Kartlegging og risikovurdering

Det aller meste av konsernet sin aktivitet føregår i underkonsern/-selskap og dei aller fleste forretningsforhold og avtalar med leverandørar og forretningspartnerar skjer i desse selskapa. Norway's Best Group AS har direkte avtaleforhold med nokre forretningspartnerar knytt til ulike konsulenttenester, ein del bransjeorganisasjonar, samt finans og juridiske tenester.

Dette er i hovudsak større, velkjente, norske aktørar. I tillegg kjem ein del mindre aktørar som vi kjenner godt og har samarbeida lenge med. Forretningspartnerane til Norway's Best Group er vurdert både overordna og meir konkret og utgjer ikkje ein risiko i lys av dei vurderingane som skal gjerast etter Åpenhetsloven.

7. Eiga verksemد

Det er berre 2 tilsette i Norway's Best Group AS, Konsernleiar og Finansdirektør. Øvrig aktivitet i konsernet vert driven i samsvar med norsk regelverk, herunder norsk arbeidsmiljølov. Vi har fokus på at alle våre tilsette skal ha like moglegheiter og eit godt arbeidsmiljø. Det blir regelmessig gjennomført arbeidsmiljøkartleggingar og resultata frå desse vert følgt tett opp, og det vert sett i verk tiltak ved behov.

Konsernet har rutinar og retningslinjer for varsling om kritikkverdige forhold som del av si personalhandbok. For å sikre ryddig og god framgangsmåte ved varsling, har konsernet tilgang til skybasert teneste for varsling. Gjennom denne kan tilsette varsle anonymt eller ved namn, og er sikra god oppfølging av saka si.

Vi har ikkje hatt nokon saker i vår verksemde knytt til negativt arbeidsmiljø eller brot på menneskerettar.

8. Informasjon

Dersom du ønsker ytterlegare informasjon om korleis Norway's Best Group AS handterer faktiske og potensielle negative konsekvensar for brot på grunnleggande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold i henhold til Åpenhetsloven § 6, er du velkommen til å gjere det via e-post hpost@norwaysbest.com

SIGNATURES**ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 5 pages before this page
Dokumentet inneholder 5 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 5 sivua ennen tästä sivua
Dette dokument indeholder 5 sider før denne side

Detta dokument innehåller 5 sidor före denna sida

authority to sign
representative
custodial

asemavaltuutus
nimenkirjoitusoikeus
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt
firmateckningsrätt
förvaltare

autoritet til å signere
representant
foresatte/verge

myndighed til at underskrive
repræsentant
frihedsberøvende

SIGNATURES**ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 6 pages before this page
Dokumentet inneholder 6 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 6 sivua ennen tästä sivua
Dette dokument indeholder 6 sider før denne side

Detta dokument innehåller 6 sidor före denna sida

authority to sign
representative
custodial

asemavaltuutus
nimenkirjoitusoikeus
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt
firmateckningsrätt
förvaltare

autoritet til å signere
representant
foresatte/verge

myndighed til at underskrive
repræsentant
frihedsberøvende